



Bygg Prosjekt AS  
Postboks 53 Fantoft  
5899 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4301 - 17/17021

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
09.06.2017

## Ferdigattest gbnr 134/471 Hilland

### Administrativt vedtak. Saknr: 270/17

**Tiltakshavar:** Alversund Utvikling AS

**Ansvarleg søkjar:** Bygg Prosjekt AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.11.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.04.2017 og supplert 01.06.2017.

### Skildring

Adresse:	Vardane, 5911 Alversund
Bygningstiltak:	Rekkehus
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	100,4 m <sup>2</sup> per buening
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1 per buening

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av bustad 26-29 på gbnr 134/471//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4301

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alversund utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

**Mottakarar:**  
Bygg Prosjekt AS

Postboks 53      5899  
Fantoft

BERGEN